



Coop Hordaland SA
Radøyvegen 1680 a
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2161 - 16/8562

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
23.06.2016

Byggesak Gbnr 45/314 Manger - bruksendring, ombygging - forlenga mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 177/2016

Administrativt vedtak. Saknr: 177/2016

Tiltakshavar: Coop Hordaland SA

Ansvarleg s kj r: Helgesen Tekniske Bygg

S knadstype: S knad om mellombels bruksl yve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg s kj r har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erkl ert at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utf rt med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utf rt i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.05.15 og 20.05.15. Ansvarleg s kj r har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksniv  til   takast i bruk. F lgjande arbeid st r att:

1. Utskifting av ytre d r.

Mellombels bruksl yve gjeld delar av tiltaket, skildra som vinmonopol, rampe, drosjerom og blomsterbutikk og apotek.

Ansvarleg s kj r har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.10.2016.

Det vert elles vist til s knad motteken 21.06.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Radøyvegen 1680
Bygningstiltak:	Bruksendring/ombygging lokale for vinmonopol, drosjerom, blomsterbutikk, apotek og rampe.
Bygningsnummer:	176120436

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bruksendring og ombygging på gnr. 45 bnr. 314 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Vinmonopol, rampe, drosjerom, blomsterbutikk og apotek.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.10.2016.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2161

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
5.1.1	Forlenging mellombels bruksløyve	1	770,-
	Totalt gebyr å betala		770,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Coop Hordaland SA

Radøyvegen 1680 5936

MANGER

a

Helgesen Tekniske Bygg as

Valestrand 5281

VALESTRANDSFOSEN